

# MÅLLAGET I KRISTIANSAND

## Protokoll frå årsmøtet tysdag 11. februar 2020

15 av lagsmedlemene hadde møtt fram i Mållagsstova, inkl. styret og reiseskrivaren frå Mållaga på Agder.

### Sak 1: Opning med godkjenning av innkalling og sakliste

Leiar Solveig Lima ynskte velkomen til årsmøtet. Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjent.

### Sak 2: Val av møtestyrar

Leiv Storesletten vart vald til møtestyrar.

### Sak 3: Val av skrivar

Borghild Løver vart vald til møteskrivar.

### Sak 4: Val av to til å skrive under møteprotokollen

Årsmøtelyden valde Ole Steffen Gusdal og Anny Storesletten til å skrive under møteprotokollen.

### Sak 5: Årsmelding for lagsdrifta

Solveig Lima la fram årsmeldinga, som gav ei god, lita drøfting og ymse innspel etterpå:

- Norsk Tidend har oppslag om twitternovelletevlinga i komande oppslag. Styret bør vurdere å opne tevlinga for vidaregåande skular i større omkrins rundt Kristiansand (t.d. Vennesla), gjerne i samarbeid med andre mållag, t.d. Vennesla dialekt- og mållag.
- Frå møtet med Fevennen vart det opplyst at det er vanskeleg å finne nok saker å skrive på nynorsk til ein 100% journalistjobb og at det meste føregår på nettet no, der det då er vanskelegare å få alle journalistane til å oppdatere på nynorsk.
- Nokre få vidaregåande skular får abonnement på avisa Dag og Tid. Framlegg frå årsmøtelyden å late desse abonnementa gå på rundgang.

Årsmøtelyden godkjende årsmeldinga og ber styret ta med ovannemnde innspel i vurderinga.

### Sak 6: Rekneskapen for lagsdrifta

Lagsrekneskapen vart gjennomgått av Ronny Rognhaugen. Revisjonsmelding frå Olav Molland låg føre. Årsmøtet godkjende samrøystes den reviderte rekneskapen.

### Sak 7: Budsjett for 2019

Ronny Rognhaugen greidde ut om budsjettet for laget i 2020, der inntektene ligg an til å verte 92.000 kr og kostnadene på 312.500 kr. Årsmøtelyden godkjende budsjettet.

### Sak 8: Lokallagskontingenten

Kontingenten no er på 310 kr. 20 kr går til Vest-Agder Mållag og resten til Noregs Mållag sentralt. Me føreslår ein auke på 40 kr. Denne summen får Mållaget i Kristiansand tilbakebetalt frå Noregs Mållag.

Årsmøtelyden vedtok å auke lokallagskontingenten i 2021 frå 0 til 40 kr.

### **Sak 9: Orientering frå Gyldenløvesgate 11 Eigedom AS**

Ole Steffen Gusdal orienterte frå drifta i lutlaget i 2019 og utleigesituasjonen på bygget. Ei skriftleg orientering låg i tillegg føre. I styret har desse site i året som har gått: Ole Steffen Gusdal (leiar) og Kari Mysen (styremedlem) frå BUL-Kristiansand, og Jan Petter Horn (nestleiar med ansvar for økonomi/rekneskap) og Dag Olav Hagen (styremedlem). Varamedlemer er Borghild Løver (referent, frå mållaget) og Oddmund Loland (frå BUL-Kristiansand). Dessutan har Solveig Lima møtt på alle styremøta og hatt ansvar for kontorhald og betaling. Dugnadstimar som vert utførte av laga, vert betalte med 150 kr frå lutlaget. Årsmøtet tok orienteringa til vitande.

Her var det på tide med ei matøkt. Torbjørn Vik tok ein gjennomgang av kva ein skal gjere viss brannalarmen går. Han er brannansvarleg på Mållagsbygget.

### **Sak 10: Val**

Valnemnda, som var Øyvind Grov, Svein Slettan og Gyro Nesland, hadde gjort eit godt valarbeid føre årsmøtet, og årsmøtelyden gjekk samrøystes inn for valnemnda sitt framlegg:

#### **Leiar for eitt år: Ronny Rognhaugen**

#### **Val av styremedlemer:**

Ernst Håkon Jahr (ikkje på val, 1 år att)

Sylfest Lomheim (ikkje på val, 1 år att)

**Anne Erfjord (nyvald for 2 år)**

**Gyro Irene Nesland (nyvald for 2 år)**

#### **Val av varamedlemer for eitt år:**

**Kjellaug Kvalsvik (1. vara, attvald for 1 år)**

**Ragnar Alrek (2. vara, nyvald for 1 år)**

#### **Val av valnemnd (for 1 år): Øyvind Grov, Svein Slettan og Solveig Lima.**

**Val av 6 utsendingar til fylkesårsmøtet 28. mars: Dag Olav Hagen, Maria Viken, Olav Molland, Anne Erfjord, Gyro Nesland og Solveig Lima. Vara: Ingebjørg Nesland Steen og Harald Odd Steen.**


**Val av 3 utsendingar til landsmøtet i Noregs Mållag 24.-26. april -20: Ronny Rognhaugen og Gyro Nesland. Styret får fullmakt til å velje den tredje utsendingen. Varautsendingar til landsmøtet vart Kjellaug Kvalsvik, Solveig Lima og Ragnar Alrek.**

#### **Val av revisor for lagsrekneskapen: Olav Molland**

### **Sak 11: Innkomne saker**

Det var ingen innkomne saker. Takk med blome/konfekt vart delt ut til Leiv, Ronny, Solveig, Tobbi, Ole Steffen, Dag Olav og Borghild.

  
Anny Storesletten

  
Ole Steffen Gusdal